

Radøy kommune

Saksframlegg

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 081/2016 | Formannskapet i Radøy | PS | 29.09.2016 |

| Sakshandsamar | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|---------------|--------------|--------------|
| | 16/1681 | 16/12145 |

Ny kommunelov - høyring

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt ut på høyring «NOU 2016: 4 Ny kommunelov».

Kommunelovutvalet har gjort ein heilskapleg gjennomgang av gjeldende kommunelov. Utvalet gjer mellom anna framlegg om å lovfesta det kommunale og fylkeskommunale sjølvstyret og enkelte prinsipp for nasjonale styresmakter sitt forhold til dette sjølvstyret. Utvalget kjem også med framlegg til fleire tiltak for å styrka eigenkontrollen i kommunane og fylkeskommunane. I høyringsbrevet blir det peika på at utvalet har lagt vekt på å gjera lova enkel og tilgjengeleg.

Kommunane sin organisasjon, KS, har utarbeidd eit fagleg debattgrunnlag til hjelp for høyringsarbeidet i den enkelte kommune og for å få innspel frå medlemmene til handsaminga i KS sine eigne organ. I KS sitt debattgrunnlag vert det gjort greie for kommunelovutvalet sitt forslag med vekt på nye forslag og forslag til endringar i dagens kommunelov. Her kjem KS også med ei førebels vurdering og tilråding av forslag.

På lenka under kan du lesa NOU om ny kommunelov som er sendt ut på høyring:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2016-4/id2478743/>

På lenka under kan du lesa KS sitt debattgrunnlag til høyringa:

<http://www.ks.no/contentassets/f3dea1b78bdf48eb913d9d37e0fb456f/kommuneloven-debattgrunnlag-juni2016.pdf>

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting.

Formannskapet i Radøy - 081/2016

FS - handsaming:

Formannskapet drøfta kort «NOU 2016: 4 Ny kommunelov», som Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt ut på høyring. Det var semje om at kommunane sitt organ, KS, er rette instans til å fremja kommunane si interesse på ein god måte i denne saka.

Ordføreren sette fram følgjande framlegg:

Radøy kommune gir ikkje uttale til NOU 2016: 4 Ny kommunelov.

Formannskapet vedtok ordføreren sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Radøy kommune gir ikkje uttale til NOU 2016: 4 Ny kommunelov.

Vedlegg:

Høyringsbrev ny kommunelov